



EUB Ltd
Nedre Eikanger 21
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/3385 - 17/10188

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
31.03.2017

Avvising av søknad om endring av løyve - gbnr 213/62 Eikanger nedre


Administrativt vedtak. Saknr: 163/17

Tiltakshavar: EUB Ltd
Ansvarleg søkjar: Dag Eivind Hagesæter
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1, 20-3

Tiltak

Saka gjeld søknad om endring av løyve til oppføring av bustad gitt i vedtak datert 10.09.2014. Omsøkt endring omfattar ny bustad med endra storleik og utforming, endra plassering i plan, endra høgdeplassering og ny plassering av avkjørsla.

Godkjend situasjonsplan



Omsøkt endring



Det vert elles vist til søknad mottatt 09.03.2017.


Nabovarsel

Endringa er nabovarsla i samsvar med pbl § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er avsett til LNF-område med spreidd bustadbygging. Delar av eigedomen ligg i område avsett til LNF-føremål.

Utsnitt frå kommuneplanen:



VURDERING:

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4.

Omsøkt bustad har ny plassering både i forhold til horisontal- og vertikalplanet. Storleik og utforming av bygget er endra og bygget framstår med eit nytt arkitektonisk uttrykk. Plassering av avkjørsla frå privat veg og inn på tomte er også endra.

Administrasjonen vurderer at tiltaket framstår som eit nytt tiltak og ikkje kan handsamast som søknad om endring av godkjend tiltak. Omsøkt plassering av ny avkjørsle til eigedomen er plassert delvis over område avsett til LNF-føremål i kommuneplanen og vil krevja at det vert søkt om og gitt dispensasjon før nytt løyve til tiltak kan gjevast.

Administrasjonen vurderer at søknaden ikkje er tilstrekkeleg opplyst til at vi kan ta han til handsaming, jf pbl § 21-2 og sakshandsamingsforskrift § 5-4. Omsøkte endring er så omfattande at det må søkjast om nytt løyve tiltak. Ny prosjektering må gjennomførast og oppdatert gjennomføringsplan må leggjast fram.

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-2 jf. byggesaksforskrifta § 5-4 vert søknad om endring av løyve til oppføring av bustad datert 10.09.2014 avvist. Grunngevinga for vedtaket går fram av saksutgreiinga.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

åVedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/3385

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Dag Eivind Hagesæter

Nedre Eikanger 21 5913

EIKANGERVÅG

Mottakarar:

EUB Ltd

Nedre Eikanger 21 5913

EIKANGERVÅG